

DIREKTIV TIL DISTRIKTSTYRET I.....

VEDRØRANDE VITJINGA AV DET KINESISKE WUSHU-ENSEMBLET

I første halvdel av juni skal det kinesiske Wushu-ensemblet vitja ~~Noreg~~ Noreg. Det er partiet si ~~internasjonale~~ internasjonale plikt å sikre at denne vitjinga vert ein suksess. Det er ~~ei~~ eit særsyn at slike delegasjonar ~~frå~~ frå dei sosialistiske landa vitjar Noreg, og slikt krev at vi legg opp særskilte planar. ~~for~~ ~~for~~. Det er Vennskapssambandet som er arrangør for turneen i Noreg - ~~men~~ sjølv om dei sikkert vil gjera ein god ~~framifrå~~ jobb, er det partiet som til sjuande og sist har ansvaret for alle sider ved vitjinga. Det er ikkje turvande å for partiet å gjera denne jobben utan å endre på eksisterande planar. DS får kort frist på denne oppgåva. Desssto meir må DS frigjera kader og mobilisere partiet særskilt til massearbeid foran framsyningane i dykkar by.

Wushu er eit felles omgrep for tradisjonelle kinesiske kampformar - sverddans, stokkekamp, skyggeboksing og annan nærkamp. Sjå artikkel i 1.mai-nummeret av KK! Likeeins som Tientsin-akrpbatane som vitja Noreg for eit par år sidan vil Wushu ~~ha~~ vekke brei interesse langt utover dei tradisjonelle Kina-venene. T.d. er det mogeleg å mobiliserer tusenvis av idrettsfolk til framsyningane dersom vi driv særskilt massearbeid med slik innretting.

TA EIT FAST GREP OM BILLETT-SALET!

Heile partiet i nærleiken av dei plassene ^{der} det skal vera framsyningar k skal ~~mobiliserast~~ drive mobilisering gjennom billett-sal. Den samla publikumsmålsetjinga for dykkar by er sett til..... Dette er ei minimumsmålsetjing som Vennskapssambandet har budsjettert ut ifrå.

Partiet skal så snøgt som råd settja seg eiga målsetjing for billettsal innanfor dette totaltallet, partiet skal skaffe seg billetter frå Vennskapssambandet og mobilisere alle medlem til førehandssal. DS skal oppsummere dette førehandssalet under vegs i etappar, og ta særskilte tiltak dersom det går trått. Partiet skal bistå Vennskapssambandet med å organiserer særskilt billett-sal innretta på ~~skole~~ arbeidsplasser, idrettslag og skoler. Vær på vakt mot sekterske avvik av typen "vil berre tilby gruppebilletter til ~~kla~~ klubbar og fagforeiningar, ikkje til bedriften via leiinga" eller "ingen skoleklassar vil kjøpe gruppebillett likevel, så det er ikkje nokon vits i å presentere eit særskilt tilbod for dei".

ANDRE OPPGÅVER

(Sentralt)

1. Spre ~~for~~ propaganda! Vennskapssambandet vil ~~snøgt~~ snøgt lage plakat med særtrykk for kvar by ~~og~~ og sende til ~~ti~~ lokalavdelingane. Laupesetlar skal lagast lokalt i kvar by. Annonsering i pressa vert ordna frå Oslo. Partiet skal sikre ordinær spreiding av plakatar og ~~laupesetlar~~ laupesetlar. Legg stor vekt på legal opphenging av plakater i butikkvindu o.l! Partiet må i tillegg sikre særskilt propagandering innretta på dei plassane som er nemnt ovanfor.

andre oppgaver, forts.

2. Sikringsarbeid. Vi må sjølvstendig rekne med fare for provokasjonar mot ensembler. Partiet skal etablere særskilt ordensvern under framsyningane. Ordensvernet skal i første rekke sikre scenemøteåtak frå ~~såleis~~ provokatørar i salen, foruten kontroll ved alle inngangar o.l.

3. Sightseeing. Vennskapssambandet i kvar by lyt organisere ein sightseeing. Det er sett av plass til dette i programmet for ensembler. Partiet må bistå ~~med~~ Vennskapssambandet ~~med~~ med dette. Legg vekt på "reisemål" som gir godt høve til å kommentere tilhøva for arbeidarklassen under kapitalismen, og ikkje berre kommunale turist-"perler". Legg vidare vekt på stader der sightseeing kan gi propagandistisk effekt, ~~for framfor~~ i mobiliseringsarbeidet til framsyningane.

4. Bedriftsvitjing. Vi legg stor vekt på å arrangere mange vellukka bedriftsvitjingar under turneen. Det er sett av god plass til dette i programmet. Det er enno ikkje klårt med utvalet av desse vitjingane. SK arbeidar med eit sentralt opplegg, og vil snart ~~ha~~ kontakte DS for å få endeleg avklaring på utval av plassar. I alle høve er det partiet si oppgave å sikre at desse bedriftsvitjingane ikkje vert redusert til parade-framsyningar i bedriftsleiinga sin regi - men tvert om at dei får strekt preg av at det ~~er~~ er ~~for~~ arbeidarane som er ~~et~~ vertskap. DS skal straks starte arbeidet for å få klarsignal på 2-4 bedrifter i distriktet.

5. Lokalt vertskap. Vennskapssambandet vil plukke ut eit par ~~to~~ kameratar som fylgjer ensembleret rundt i heile landet. I tillegg skal dette sentrale vertskap supplerast med 2 personar frå kvar by. Vertskapet skal fylgje ensembleret på heiltid kvar dag.

6. Kader. DS må peike ut DS-ansvarleg for vitjinga. ~~Vidare skal DS~~ Vidare skal DS hjelpe Vennskapssambandet med stabspersonell til administrasjon, ordensvern og vertskap. Partiet må skipe eit senter for arrangementet med folk frå DS og kameratar frå Vennskapssambandet.

ARBEIDSOPPGÅVER SOM VERT ORDNA SENTRALT

For å lette oversikten for DS skal vi kort oppsummere dei arbeidsoppgåvene som DS ikkje treng jobbe med (heller ikkje det ~~for~~ lokale vennskapssambandet). Det er:

Budsjett, ~~Kommunale økonomiske og økonomisk støtte, stipendier for å organisere kommunale luncher o.l., Plakat-trykking, Presse-annonsering, ~~Pressekonferanser~~ Pressemeldingar, Forsikring, Innkvartering og kost, Lokalt transportorganisering, Leie av framsyningshall og Pressekonferansane.~~

Administrativ orientering om Wushu-vitjinga ~~er~~ i dykkar distrikt er ~~et~~ vedlagt.

direktiv slutt.

Vedlegg

ØrientalisringxAdministrativ orientering om WUSHU-vitjinga i... **Tromsø**

1. Ankomst: **søndag 12.juni om kvelden**
2. Innkvartering **Stud.by-hotell**
3. Offentlåg lunch/mottaking: **mandag 13. midt på dagen. NB: Dette punktet er enno ikkje sikra.**
4. Pressekonferanse: **Mandag 13. Veit enno ikkje når på dagen.**
5. Framsyningshall **Fokus / Idrettshall**
6. Framsyningar:
 - a) Lokal premiere: **tirsdag 14.**
 - b) **Onsdag 15.**

7. Program

Ankomst	Søndag 12. om kvelden
Komm lunsh	Mandag 13.
Pressekonf.	Mandag 13
Bedriftsvitjing:	a) Mandag 13. (2 stk)
	b) Tirsdag 14. (2.stk)
Premiere	Tirsdag 14
2. framsyning	Onsdag 15
Sightseeing	Onsdag formiddag
2. framsyning	Onsdag 15. om kvelden
Båttur	Onsdag natt
Pakking etc	Torsdag 16 om formiddagen.
Avreise	Torsdag middag

8. Avreise

Vedlegg

~~Orientering~~Administrativ orientering om WUSHU-vitjinga i Trondheim.....

1. Ankomst: 9. juni. Om morgonen med nattog frå Oslo
2. Innkvartering *Gilderangen*
3. Offentlåg lunch/mottaking: torsdag 9? NB! Enno ikkje avklart med kommunen.
4. Pressekonferanse: Enno ikkje sikkert om det vert pressekonf. i Trondheim. Eventuelt vert det 9./6.
5. Framsyningshall *Nidarøhallen*
6. Framsyningar: a) lokal premiere, ~~10~~ fredag 10.
b) laurdag 11.
7. Program

Ankomst	Torsdag 9. om morgonen
Komm.lunch	Torsdag 9 midt på dagen
Sightseeing	Torsdag 9.
Prøver	Torsdag 9. om ettermiddagen dersom det er ledig i Nidarøhallen.
Bedriftsvitjing:	Fredag 10. midt på dagen (2plassar)
Premiere	Torsdag Fredag 10. om kvelden
???	Laurdag 11. om formiddagen
2.framsyning	Laurdag 11. om kvelden(tidleg?)
Pakking etc.	Søndag formiddag
Buss til Værnes:	Søndag ettermiddag

~~8. Avreise~~

Vedlegg

ØorienteringxAdministrativ orientering om WUSHU-vitjinga i **Skien/Porsgrunn**.

1. Ankomst: **tirsdag 7.juni om formiddagen**
2. Innkvartering **-----**
3. Offentløg lunch/mottaking: **-----**
4. Pressekonferanse: **-----**
5. Framsyningshall **Ibsenhuset**
6. Framsyningar: a) **Ibsenhuset tirsdag 7.juni ,kveld.**
b) **-----**
7. Program

Formiddag	Ankomst Herøya Omvisning Framsynigg (kort) på fabrikk Lunsh på fabrikk Ettermiddag Kveld
	Prøve i Ibsenhuset Framsyning

 (NB: Ikkje nokon middag i Skien)

8. Avreise